



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

Innsending av høringsuttalelse

Dato sendt: 09.03.2026 / 09:36
Mottaker: Norges vassdrags- og energidirektorat
Referansenummer: c34bd4783adb

Kontaktinformasjon

Fornavn

ROLF MARTHON

Etternavn

HOMPLAND

Mobilnummer

97088345

E-postadresse

rolfhom@gmail.com

Er søker et selskap under stiftelse (SUS)?

Nei

Saksopplysninger

Sakstittel

Bjunes kraftverk

Skriv inn høringsuttalelse

Høringsuttale om Bjunes kraftverk.

Kraftverket er plassert i Haugåna og det er dette namnet vi brukar lokalt. Eg bur på Hompland, er nærmaste nabo til det planlagte kraftverket, og brukar dette området jamt til turar. Frå huset mitt ser eg fossen ned lia, og høyrer fosseduren når vindretninga er mot oss, Ellers har eg ingen interesser i kraftverket.

Først vil eg ønskja lykke til med prosjektet, landet treng meir fornybar energi, og kraftverket vil vera positivt for grunneigarane.

Vidare ser eg at minstevassføring og èin liten reguleringshøgde i Haugevatnet tar omsyn til naturen, det er positivt. Men noko tap for oss i nærmiljøet vil det bli. Derfor vil eg foreslå èin liten kompensasjon til grendene Bjunes og Hompland. Haugevatnet ligg både på Hompland og Bjunes, og Haugåna renn på Bjunes, men er bare synleg frå husa på Hompland. Derfor synes eg at vi som bur i desse to grendene bør få litt igjen for det som blir borte.

NVE bør setja krav til eit miljøfond med årleg innbetaling. Dette er brukt på Øksendalsøverføringa her i Sirdal, og går til fellestiltak i dei grendene som er berørt av kraftutbygginga der. Ordninga er veldig populær i nærmiljøet. Fondet kan søkjast til fellestiltak i området, og blir administrert av kommunen, og tildelt av utval for Teknikk, landbruk og miljø.

Eg er veldig opptatt av naturen og tenkjer at formålet kan vera friluftstiltak på gårdsnummer 38 og 39, og frivillige tiltak til glede for folket i området. Sosiale samlingar og initiativ for eksempel.

Kan nemna som eit eksempel på kva vi gjer nå at vi har rydda og merka opp tre turstiar på Homplandsheia på 4,5 mil tilsaman. Dette krev årleg vedlikehald. Desse stiane starter rett nord for den planlagte kraftstasjonen. Sist år brukte vi 40.000,- kr og mykje dugnad på å utbetre stien med grøfter og stikkrenner for å få første delen tørrare å gå. Her er det også fleire gravminner frå eldre tid. Håper saksbehandlar vil sjå på nettsida om dette som vi er stolte av. Kan finnast på: listerfriluft.no/friluftsaktiviteter/Sirdal/fotturer og velja Falkekollen(Falkeknoten), Steindalsknuten eller Håghedlar.

Håper dette blir tatt med vidare i prosessen.

Mvh

Rolf Hompland

Last opp vedlegg

Du har ikke lagt inn informasjon her